

Referat frå SU/SMU- møte 02.12.19

Frammøte: Martin Kjøpstad, Gisela Smith-Nilsen, Lindis Arvik, Melinda Kjersem, Halvor Hovden, John Sylte, Raymond Aas-Furland, Linda Fjørtoft Aas, Karen Elise Misfjord, Nikolai Moland, Andrea Strand og Even Åkre

Forfall: Bjørn Inge Olsen, Anette Nerhus, Ingrid Elin Malin og Siv Grønningseter

Sak 07-19-20: Godkjenning av protokoll frå førre SU/SMU møte 02.09.19

- Ingen merknad

Sak 08-19-20: Oppdatert medlemsliste rådsorgan Helland skule

- Rektor innformerar om endring av politisk representant. Bjørn Inge Olsen er inne som fast representant i SU/SMU ved Helland skule, Martin Kjøpstad er vara.

Sak 09-19-20: Grunnskuleelevar frå Vågstranda frå Helland skule frå komande skuleår

- Rektor innformerar om vedtak i Rauma- og Vestnes kommunestyra om at elevane i neste skuleårs 1.-8. steg ved Vågstranda krins skal overførast til Helland skule hausten 2020. 9. og 10. steg fullfører ungdomsskuleløpet i Måndalen.
 - o Rektor innformerar om ulike utfordringar, her under:
 - Klassestorleik
 - Dimensjonering og type ventilasjon
 - Elevar med særskilde behov
 - Innføring av ny læreplan som m.a. legg opp til meir lek som metode for læring.
 - Representant for barneskulen gjer greie for dagens situasjon på barneskulen.
 - Politisk representant etterspør uttale frå SU på Vågstranda – rektor innformerar at ho har fått munnleg informasjon frå rektor ved Vågstranda/Måndalen at deira SU er positive til planlagt flytting.
 - Foreldrerepresentant ytrar at ein ikkje kan sjå meininga med å flytte komande skuleår, og at Helland skule ikkje er budd til å ta imot elevane no.
- Saka var til orientering og fleire av momenta blei og drøfta under sak 10-19-20.

Sak 10-19-20: Status politisk arbeid med skulestruktur

- Avklarast innleiingsvis at SU/SMU ynskjer å kome med uttale i saka som er ute til høyring. Dette gjerast ved at innspel som kjem i drøftinga skal samanfatta i etterkant av møtet og sendast ut til medlemmane for godkjenning og eventuelle innspel før innsending.
- Rektor leiar ein grundig gjennomgang av saksframlegget og dokumentet som no er ute til høyring. Ei samling av innspela vert ikkje gjeven i dette referatet, men syner til samanfattainga i dokumentet som skal sendast inn. Nokre av presiseringane som vart gjeven innleiingsvis nemnast likevel punktvis nedanfor:
 - o Rektor innformerar grundig om viktigheita «reine» barne- og ungdomsskular.
 - o Politisk representant ytrar at det er politisk viten om dette, men at det er pengar å spare på administrasjon.
 - o Rektor synleggjer sårbarheit i høve rekruttering, og økonomiske konsekvensar.
 - o Rektor innformerar om kommunestyrets vedtak om å busette flyktningar i kommunen, noko som gjev uvisse i høve elevtal og kva for behov dei eventuelle elevane kan ha.
 - o Rektor innformerar om behov for gruppe- og arbeidsrom, særskild i samanheng med innføring av fagfornyinga.
- Representantar frå elevane gjer greie for innspel frå elevane til elevrådet. Moment frå dette er teken med i høyringsinnspelet frå SU/SMU. Politisk representant oppmodar elevrådet til å sende inn eit eige høyringsinnspel.
- Representant frå barneskulen gjer greie for innspel frå lærarane på aktuelt storsteam. Moment frå dette er teken med i høyringsinnspelet frå SU/SMU.
- Representant frå ungdomsskulen gjer greie for innspel frå lærarane på aktuelt storsteam. Moment frå dette er teken med i høyringsinnspelet frå SU/SMU.

Sak 11-19-20: Økonomiplan 2020-2023 og budsjett 2020

- Rektor innformerar om at det i investeringsbudsjettet for 2020 er lagt inn forslag på å løyve kr. 400 000,- til Helland skule som skal gå til innkjøp av inventar og utstyr på barneskulen.
- Budsjett 2020 – nedgang i elevtal gir reduserte overføringar til kommunen. Driftsutgiftene vil auke og politikarane må ta stilling til korleis ein skal møte utfordringane for 2020 og åra framover.

Sak 12-19-20: Nytt frå elevrådet

- Har jobba med struktursaka, og sett ned nokre punkt i høve denne.

Sak 13-19-20: Nytt frå FAU

- Rektor innformerar om tidlegare innsendt bekymringsbrev frå FAU til kommunestyret sitt møte 31.10.19 der rådsorganet etterspør tilbakemelding og framdriftsplan frå kommunestyret i arbeidet med den framtidige skulestrukturen i Vestnes. FAU ved Helland skule uttrykte i brevet ei bekymring for arbeidsmiljøet for elevane med tanke på bl.a. elevtal pr. klasserom, luftkvalitet m.m. Det blei og uttrykt bekymring for det psykososiale miljøet for elevar og lærarar ved Helland skule.

Sak 14-19-20: Eventuelt

- Ingen innkomne saker

Tidspunkt for nytt møte: Måndag 10. februar 2020, klokka 18.00.

Referent

Halvor Hovden